



# Hedmark Sau og Geit

## Årsmøtereferat 2016

5. mars Quality Hotell Strand, Gjøvik



Bli medlem i Norsk Sau og Geit og støtt opp om NSG sitt arbeid med fokus på:

**Økonomi og Marked**

**Produksjonsvilkår**

**Faglege utfordringar**

**Eigen organisasjon**

**Politikarkontakt, alliansebygging**

**Informasjon**



## INNHOLD

---

Innleiing .....	2
Sak 1: Opning.....	2
Sak 2: Opprop .....	2
Sak 3: Godkjenning innkalling og saksliste .....	3
Sak 4: Val av 2 personar til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar .....	3
Sak 5: Val av 2 personar til tellekorpset .....	3
Sak 6: Leiars tale .....	3
Sak 7: Årsmelding 2015 .....	3
Sak 8: Rekneskap 2015 .....	4
Sak 9: Sakar til behandling.....	6
a: Utvikling av ein fri og uavhengig rovviltportal for, av og med beitebrukarar for heile innlandet .....	6
Sak 10 : Val .....	7
A: Val av leiar. Veljast for 1 år .....	7
B: Val av styremedlemmar. veljast for 2 år .....	7
C: Val av nestleiar. Veljas for 1 år .....	7
D: Val av varamedlemmar til styret. veljast for 1 år.....	7
E: Val av nytt medlem til valkomiteen. veljast for 3 år .....	7
F: Val av vara for nytt medlem i valkomiteen .....	7
G: Val av møteleiar til årsmøte 2017.....	7
H: Val av vara for møteleiar til årsmøte 2017 .....	7
I: Val av revisorar.....	8
J: Godtgjersle til styret.....	8
Sak 11: Behandling av innkomne saker.....	8
A: Prioritering i årets jordbruksforhandlingar – Norsk Sau og Geit .....	8
Sak 12: Orientering av saker frå styret.....	11
A: Innlandsplattforma .....	11
B: Nedlegging av dei inngjerda områda i Trysil og Grue .....	11
C: Resolusjonsforslag: det grønne skiftet betinger en ny rovdyrpolitikk .....	11
Sak 13: Arbeidsplan og budsjett 2016 .....	12
A: Arbeidsplan 2016 .....	12
B: Budsjett 2016 .....	12
Sak 14: Tid og stad for årsmøtet 2017 .....	13

## INNLEIING

Årsmøtet 2016 vart halden på Gjøvik på same tid og stad som Akershus SG og Oppland SG held sine årsmøter. Det vart og halde årsmøter i dei respektive værringane og gjetarhundlaga. I tillegg til alle årsmøta var det eit godt fagprogram både fredag, laurdag og søndag og fleire standar der ein kunne få informasjon om både ulike fjøsløysingar, radiobjøller med meir. Det var og moglegheiter til å kjøpe ulike ullprodukt frå nokre koselege damer og effektar frå NSG. Det var over 200 påmeldte så sjølv om det var ein del som vart forhindra frå å kome pga. snøvær vart det god stemning ut over kveldane med god mat og hyggeleg samvær. Bandet Svamparna spelte opp til dans både fredag og laurdag så dei som ville fekk svinga på dansefoten. Under årsmøtemiddagen laurdagskveld vart det delt ut to æresmedlemsskap. Eit i Hedmark og eit i Oppland. Æresmedlemskapet i Hedmark gjekk til Ola Dagfinn Gløtvold frå Engerdal. Prisen vart overrekt av leiar Martin Mostue og grunngjevinga var som følgjer: "Ola er leiar i sitt lokallag. Han har i 20 år arrangert småfesjå og værutstilling på eigen gard. Han er medlem i styret i landslaget for reinrasa norsk sau. Sit i styret i Hedmark Sau og Geit og har sete 12 år på Stortinget. Han har nytta alle kanalar i heile sitt liv til å kjempe for småfehald og beitebruk." Hans Bondal i fagråd Geit delte ut premie til beste bukk. Denne gjekk til bukk nr. 2013151 frå Movollen gard i Tufsingdalen og hadde avlsverdi 129. Nortura delte ut pokal til fylkesmester i Gjetarhund. I Hedmark var dette Jo Agnar Hansen med hunden Sisko. Gjetarhundlaget i Hedmark heidra Karin Mattson som vart Norsk meister i 2015 med hunden Trim og Jo Agnar Hansen som vart Nordisk meister i 2015 med hunden Tysswg Kate. Værringen delte ut sine utmerkingar på sitt årsmøte tidlegare på dagen.



Ola D. Gløtvold æresmedlem i HSG

## SAK 1: OPNING

Martin Mostue ønsker velkommen. Det vart i forkant av møtet delt ut eit resolusjonsforslag (Vedlegg 3) som skal debatterast seinare på møtet. Ordstyrar Kjell Horten tek så over ordet.

## SAK 2: OPPROP

Ordstyrar Kjell Horten føretok oppropet. Ein del endringar i høve til påmeldte delegatar, men 22 av totalt 44 med stemmerett møtte i årsmøtet. 7 av totalt 21 lokallag i fylket var representert. (Vedlegg 1)

## SAK 3: GODKJENNING INNKALLING OG SAKSLISTE

---

Ordstyrar informerer på vegne av styret at det i årsmeldinga burde stått at Ola Dagfinn Gløtvold har vore fungerande nestleiar sidan Ole Jakob Akre trakk seg frå leiarvervet i november og at Hans Bondal sidan same tidspunkt har fungert som styremedlem.

Saklista var ved ein feil ikkje levert ut på møtet.

Både innkalling og saksliste vart godkjend utan andre kommentarar.

## SAK 4: VAL AV 2 PERSONAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED MØTELEIAR

---

Ola Flaten og Anine Wollebæk vart foreslått av ordstyrar til å skrive under protokollen og einstemmig valt.

## SAK 5: VAL AV 2 PERSONAR TIL TELLEKORPSET

---

Eirik Sletten og Per Lindholt vart forslått av ordførar til tellekorps og einstemmig valt.

## SAK 6: LEIARS TALE

---

Martin Mostue held leiars tale (Vedlegg 2). Ingen kommentarar til leiars tale.

## SAK 7: ÅRSmelding 2015

---

Ulf Skårholen går i gjennom årsmeldinga.

Det har vore stor aktivitet i 2015 med mykje møteaktivitet og enkelte saker som har kravd arbeid langt ut over vanleg styrearbeid.

Ola Flaten lurer på kva som meinast med at det har vore arbeidd med lokallagsleiararas bruk av e-post. Dette skriv seg frå at det i fjar kom kritikk på at ikkje alle lokallagsleiarar hadde fått innkallinga til årsmøtet. Det fleste av lokallagsleiarane nyttar private e-postadresser då NSG sin e-post ikkje alltid er like brukarvennleg.

Det vart i 2015 og arrangert ein geitedag i Sollia. Dette arrangementet er avgloymt i årsmeldinga.

Det har i året som har gått vore mykje arbeid i høve til Innlandsplattforma. Innlandsplattforma vert offentleggjort i kinosalen på Stortinget 17. mars. Håpar det vert mykje blest rundt den då.

Det er enkelte lokallag som har ein auke i medlemstalet sitt, men totalt for Hedmark Sau og Geit er det ein liten nedgang frå 632 medlemmar i 2014 til 615 medlemmar i 2015.

Det er viktig at lokallaga melder frå om kven som er lokallagsleiarar slik at ein kan ha oppdaterte lister.

Det hadde og vore fint om fleire hadde nytta heimesida. Det er då viktig at ein ikkje berre er inne på heimesida, men at ein går heilt inn på nyhendeartiklar og les. Det er då det vert registrert klick. Tal "klikk" er viktig i og med at ein sel ein del reklame som er blitt ein viktig inntektspost. Det er fortsatt mogeleg å selje meir reklame på sida.

Anine Wollebæk lurer på kor ofte artiklane vert oppdatert. Dette kan variere, men Ulf Skårholen, som har ansvaret for å legge ut, prøver å halde den oppdatert og legge ut det som måtte vere av interesse. Ein må gjerne kome med innspel om det skjer noko slik at det kan blir lagt ut.

Karstein Hove Bergset er ofte innom sida, men det meste som står der omhandlar rovdyr. Saknar at ein og har fokus på litt andre ting. Bla. korleis skal ein ta vare på den sauene vi faktisk har framover.

Ola Flaten lurer på om det er mogleg å få eit varsel på e-post når det blir lagt ut nye artiklar slik at ein veit at det er lagt ut nye ting. Dette er i følge Ulf ikkje vanskeleg å få til, men det krev at folk legg inn e-postadressene sine.

Angåande småfehaldet i Hedmark er tal bruk med geit ganske stabilt, men det er ein del ammegeitbesetningar som ikkje er registrert. Tal sauebruk er på veg opp. Tal bruk med sau som bygger og får tilsegn frå Innovasjon Noreg er litt på veg ned.

I høve til organisert beitebruk er det eit lite problem at ein del beitelag ikkje har registrert seg og då får ein dei ikkje inn i statistikken. Tapstala har i følge fylkesstatistikken gått ned, men det er vel ein diskusjon korleis ein skal tolke denne statistikken m.h.t. at det er mange som har slutta, mykje sau blir halden på innmark og fleire bruk har flytta dyra sine til andre beiteområder med mindre rovdyrbelastning. Ola D. Gløtvold omtalar deler av statistikken: tal voksen sau går opp, tal lam på beite går ned. Dette tyder vel på at folk har mista mykje sau og har ein del sau som då blir gåande utan lam på beite.

Rovdrysituasjonen er lik dei føregåande år. Små angrep i heile fylket. Nokre større angrep i sør bla. Løten området. Fleire registrerte ørneangrep.

Erstatningskrava vert diskutert kvart år. Det er gap mellom kva som er kravd og kva som vert utbetalt. Fylkesmannen er etterkvart opp i heile 45-50% avkorting.

Fagråd geit: tal geitemjølk- produsentar er stabilt. 14 leverandørar til Tine i tillegg til ein del som ystar og produserer sjølv.

Årsmeldinga einstemmig vedtatt.

## SAK 8: REKNESKAP 2015

Kasserar Ulf Skårholen går igjennom rekneskapen.

Per Lindholt kommenterer at dette kan ikkje fortsette. Budsjettet må bli følgjt og budsjettet må gå i balanse. Håper det nye styret tek dette alvorleg og tek dei grepene som trengst for å følge budsjettet. Det hjelper ikkje på at det er tatt så mange tapte fordringar. Burde i alle fall vore fordelt over år. Utteståande fordringar må følgast opp.

Martin Mostue: styret hadde ikkje budsjettert med årsmøtet på Skaslien. Det som står på tapte fordringar er gamle sakar som styret har brukt mykje tid på å nøste opp i. Etter mykje leiting har ein

funne ut at det bla. skriv seg frå værleige. Krava var forelda og det vart bestemt å til slutt sette strek over det. I tillegg var det to som møtte på landsmøtet i 2015, dette blir 10000 kr. I tillegg har det vore mange møter med innlandsplattforma. Mykje av dette er ting ein ikkje har visst om. Men styre tek det sjølvsgåt alvorleg. Må følge opp utgifter, men og auke inntektene.

Ola Flaten støttar opp om Per Lindholt. Det går ikkje å gå i stadig underskot. Budsjettet burde gjerne gå litt meir i pluss for det går ofte ikkje heilt som ein har tenkt. Er det mogeleg å kutte på transportkostnadene? Er styremøta fysiske møter?

Martin Mostue svarar at styremøta er fysiske møter. Ikkje alle i styret har tilfredsstillande nettdekning slik at nettbaserte møter blir vanskeleg.

Per-Joar Os Nesthun meiner at det ikkje er bra å gå i underskot, men vil berømme at det skjer noko. Er kanskje meir aktuelt å auke inntektene enn redusere kostnadene?

Kjell Horten fortel at det tidlegare og var mykje aktivitet. Det vart då innført ein ekstra kontingent på 50 kr. for å dekke inn dei ekstra kostandane ein fekk pga. den auka aktiviteten. Dette kan vere aktuelt dersom ein ynskjer at aktiviteten i laget skal vere høg.

Jo Agnar Hansen: Vi har lang grense inn mot Sverige. HSG må jo henge på bla. i høve innlandsplattforma. Tilleggsavgift er kanskje nødvendig for å halde den aktiviteten vi må ha. Skal laget bruke meir energi på å auke inntektene?

Martin Mostue meiner at ein burde vere på fleire møter i rovviltnemnda. Dette er dagmøter.

Jon Erling Arntzen: Rekneskapshonorar. Her er det ein veldig auke. Er det nokon grunn til det?

Ulf Skårholen svarar på dette. Ein hadde i fjar ein del ekstra møter med rekneskapsføraren for å kome til botn av gamle saker. Desse er no rydda ut av vegen.

Per Lindholt tek ordet. Han ønsker sjølvsgåt at laget skal ha aktivitet, men enten må det inn med meir inntekter elles må ein redusere kostnadane. Er det mogeleg å kutte på møteutgifter? Veit ikkje kor mange bilag det er snakk om. Når ein får ein resultat som t.d. årsmøtet må ein sjå kva ein kan gjere for å rette dette. Bør ha ein post for uførutsette utgifter.

Anders Storlien meiner ein har ein god eigenkapital å tære av så det er ingen krise endå. Det bør leggast fram eit forslag på neste årsmøtet om ein ekstra kontingent slik at det er ei godt forberedt sak.

Ola D. Gløtvold minner om at det for 2 år sidan og var eit underskot. Det vart då sagt at det ikkje skulle vere ein spareforeining. Og at ein måtte nytte det ein hadde behov for. Mykje av forklaringa her er jo dei tapte fordringane. Og her var sakene for seine til å sende purring. Årsmøtet hadde vi ikkje full kontroll på det må vi i styret innrømme for det var planlagt at dette skulle gå i null. Årsmøtet kan og gå inn for å redusere styrets satsar.

Anders Storlien ber om at det før neste årsmøtet vert utreda å ta in ein ekstra kontingent.

Rekneskapen einstemmig vedtatt

Ordførar les revisjonsberetinga. Revisjonsrapporten er i samsvar med det som kom fram under gjennomgangen av rekneskapen.

## SAK 9: SAKAR TIL BEHANDLING

---

### A: UTVIKLING AV EIN FRI OG UAVHENGIG ROVVILTPORTAL FOR, AV OG MED BEITEBRUKARAR FOR HEILE INNLANDET

Ulf Skårholen går i gjennom denne saka. Oppland har ei heimeside som dei driftar på linje med vår side. Der har dei ei rovviltdagbok der alt av observasjonar av rovdyr, spor ol. vert lagt inn. Er dette noko vi i Hedmark kunne vore interessert i? Skal Hedmark gå inn på ei slik løysing? Skal vi lage nok sjølv på vår side eller skal vi gå saman med Oppland om deira løysing? Treng vi ei slik løysing?

Per Lindholt seier at Løten og Vang lenge har hatt ei slik løysing der alle kan gå inn og skrive, men kun enkelte kan lese. Er ikkje sikker på om det er lurt at alle kan ha tilgang. At alt kun går i gjennom ein person er kanskje heller ikkje gunstig. Ein må i alle fall tenke grundig gjennom om alle skal kunne sjå det. Elles må ein tenke godt gjennom kva som vert lagt ut.

Per-Joar Os Nesthun er einig med Per Lindholt. Å gje alle tilgang er kanskje ikkje lurt. Finst jo dei som er for rovdyr og. Samarbeid med Oppland kan vere positivt. Bør i alle fall sjå på eit samarbeid.

Ola Flaten stiller spørsmål om kva dei i Oppland syns sjølv om korleis det fungerer. Kva kostar dette?

Ulf Skårholen svarar. Det vil jo sjølvsagt koste noko. Har ikkje diskutert samarbeid med Oppland, men det må jo då vere ei form for fordeling av kostnadene. Det kan og gå ut over eiga heimesidebruk.

Karstein Hove Bergset: kva er målet med ei slik side?

Ulf Skårholen svarar at målet er å opplyse beitebrukskarar om at noko er på gang i eit beiteområde. Ein måte og varsle på.

Jo Agnar Hansen seier han set stor pris på å bli varsle om streifulv i sitt området, men har ikkje noko glede av å høyre om streifulv i Oppland. Bør vere lokal profil på ei slik teneste. Bør kanskje heller fordelast på lokallaga enn fylkesnivå?

Jan Aarskog er usikker på nytta av sida i høve til kva som må leggast inn av ressursar. Har i sitt området eit god varslingssystem allereie som kjem på telefonen.

Ola D. Gløtvold: kostnadane må avklarast i tilfelle eit samarbeid med Oppland. Kanskje ikkje så bra at det ligg heilt ope. Men det er viktig med varsling og dette er det tydelegvis ulike løysingar for i ulike deler av fylket. Loggen kan og vere interessant. Hadde oppfatta det som ein lukka konto, men at det skulle vere lett å kome inn. Har diskutert det i lokallaget og dei har vore positive.

Jo Agnar Hansen ønsker ikkje ope meldingsnettverk. Heller ned på lokallag og sankelagsnivå. Velje kva område ein vil ha melding i frå.

Konklusjon: ulike meininger. Vil gjerne ha det ned på sankelagsnivå/lokallagsnivå. Men at styret kan undersøke opp mot Oppland ang. kostnadene ol.

## SAK 10 : VAL

22 av totalt 44 moglege utsendingar møtte. Leiar i valkomiteen Øystein Knudsen gjekk igjennom innstillinga. Ingen fråseiling av verv anna enn Ole Jakob Akre som fråtredde leiarvervet i november i fjor.

Ordførar les frå lagslova angåande regelverket rundt avstemming . Det vert utført skriftleg val på leiar og styremedlemmar.

### A: VAL AV LEIAR. VELJAST FOR 1 ÅR

Martin Mostue innstilt som ny leiar. Ingen andre forslag. 22 stemmer på Martin Mostue. Ingen blanke.



### B: VAL AV STYREMEDLEMMAR. VELJAST FOR 2 ÅR

Hans Bondal innstilt som nytt styremedlem. Ingen andre forslag. 22 stemmer. Ingen blanke

Ola Dagfinn Gløtvold innstilt på attval. Ingen andre forslag. 22 stemmer. Ingen blanke.

### C: VAL AV NESTLEIAR. VELJAS FOR 1 ÅR

Hans Bondal innstilt som ny nestleiar. Ingen andre forslag. Einstemlig vedtatt.



### D: VAL AV VARAMEDLEMMAR TIL STYRET. VELJAST FOR 1 ÅR

Per-Joar Os Nesthun innstilt som ny 1. varamedlem. Ingen andre forslag. Einstemlig vedtatt.

Vegar Nystuen innstilt til attval som 2. varamedlem. Ingen andre forslag. Einstemlig vedtatt.

Elin Baugslien innstilt til attval som 3. varamedlem. Ingen andre forslag. Einstemlig vedtatt.

### E: VAL AV NYTT MEDLEM TIL VALKOMITEEN. VELJAST FOR 3 ÅR

Forslag Andres Storlien, Ringsaker. Ingen andre forslag. Einstemlig vedtatt.

### F: VAL AV VARA FOR NYTT MEDLEM I VALKOMITEEN

Forslag Anine Wollebæk, Romedal og Stange. Ingen andre forslag. Einstemlig vedtatt.

### G: VAL AV MØTELEIAR TIL ÅRSMØTE 2017

Innstilling Per Lindholt. Ingen andre forslag. Einstemlig vedtatt.

### H: VAL AV VARA FOR MØTELEIAR TIL ÅRSMØTE 2017

Innstilling Kjell Horten. Ingen andre forslag. Einstemlig vedtatt.

## I: VAL AV REVISORAR

Attval av revisorar. Knut Magnar Holmen og Sigurd Weidermann Stølan. Ingen andre forslag. Einstemmeg vedtatt.

## J: GODTGJERSLE TIL STYRET

Dei godtgjerslene som har vore gjeldande dei siste åra:

Leiar: godtgjersle kr. 20000 + kontorhold kr. 6000

Nestleiar: kr. 2000

Styremedlemmar: kr. 1000

Revisorar: kr. 1500

Møtegodtgjersle møter over 6 timer: kr. 1500

Nettmøter/møter under 6 timer: kr. 700

Køyregodtgjersler: statens satsar

Med det rekneskapet som er framsett er det vel ikkje noko å hente. Valkomiteen forslår at godtgjerslene blir ståande som før.

Sverre Søgaard: Det er lagt fram eit budsjett der det ikkje er lagt inn rom for auke.

Einstemmeg vedtatt ingen endring i satsane til styret.

---

## SAK 11: BEHANDLING AV INNKOMNE SAKER

---

### A: PRIORITERING I ÅRETS JORDBRUKSFORHANDLINGAR – NORSK SAU OG GEIT

Martin Mostue går i gjennom denne saka som er komen frå Norsk Sau og Geit sentralt. NSG har ikkje forhandlingsrett inn mot jordbruksforhandlingane det er det Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaget som har, men NSG kan gje innspeil til desse organisasjonane om kva dei vil skal prioriterast. Det er no fleire tema som står på dagsorden. NSG har bedt HSG velje ei av desse sakene som dei vil skal prioriterast inn mot jordbruksforhandlingane. Eit av tema er auka beitetilskot. NSG har prøvd å få dette inn lenge, men har no håp om det kan kome inn no i forbindelse med det grøne skiftet. Eit anna tema er tilskot til ull. Der er forslag om at vi ikkje skal få tilskot for den därlegaste ulla. Så er det omlegging av telledato. Føreligg eit forslag om å telle i mars og oktober. Ein kan då ende med å ikkje få tilskot for dei som forsvinn på utmarksbeite. Til slutt har Rogaland Sau og Geit tatt opp att saka om lammetilskotet.

HSG må altså prioritere ei av desse sakene inn mot jordbruksforhandlingane:

- 1) Auks beitetilskotet

- 2) Endring av ulltilskotet
- 3) Endring av telletedatoen
- 4) Ta opp att lammetilskotssaka

Ola Flaten er litt ueinig i at ein må prioritere ein ting. Må kunne uttale oss om alle sakene. Regjeringa kjem jo med veldig mange saker.

Per Lindholt: endring av telletedato – skjønar ikkje heilt kva dei vil med det. Høyres feil ut. Skal ikkje det som er slakta før mars vere med? Når ein søker om beitetilskot skal ein oppgje tal lam sleppt. Kva er det dei vil vi skal telle?

Martin Mostue seier vi tel det som skal søkast produksjonstilskot for. Det som kan skje er at dei som forsvinn i utmarka ikkje blir med i teljinga.

Ola D. Gløtvold: i medlemsdemokratiets namn bør vi kunne seie at vi er ueinige i at vi må velje kun ei sak. Truleg er det bondelaget som pressar oss til dette. Syns det er uriktig å måtte velje kun ei sak. Har ikkje forstått intensjonen med telletedatoen.

Jo Agnar Hansen: vi må kunne uttale oss om fleire ting. Lammetilskotet har vore eit heitt tema. Einaste sjansen vi kan få retta opp dette er i år ikkje seinare. Gjeld mykje pengar. Beitetilskotet: vi treng auka beitetilskot, men dette er vel ikkje noko som forsvinn? Kan prioritere det til neste år. Telletedatoen kan ikkje endrast når vi har så store rovdyrtap.

Sverre Søgaard: har lese ein anna stad at på telletedatoen i mars skal påsettet teljast med. Kor skal dei spare er det på ulltilskotet? Trur lammetilskotet er køyrt så ville kanskje prioritert beitetilskotet. Martin Mostue svarar at ein får ikkje noko meir pengar. Dei fordelar berre tilskotet på fleire dyr.

Hans Bondal: Vi skal ikkje berre prioritere, men seie vår meining at alle sakene er viktige. For geita er det andre synspunkt. For geita er telletedatoen i dag svært ugunstig og ei endring av telletedatoen vil vere svært bra for geita. Kunne ein endra datoan for geit og ikkje sau kunne dette vere svært positivt for geita. Geita mista og det same som lammetilskotet i fjar.

Jan Aarskog: telletedatoen i mars er vel for å få bukt med overföringssøyene og så vil ein heller fordele dette ut på påsettlamma, men det samla potten vil truleg bli den saman. For dei nyoppstarta vil dei kunne få tilskot allereie første året. Det må jo ligge til grunn for beitetilskote at det skal vere for dei dyra som vert slept på beite. Det er meiningslaust å ha tilskot for dei som er på beite i oktober.

Ander Storlien: telletedatoen: poenget må vere å få med påsettlamma. Enkelte år er det store tap påøyene og ein må ha mykje påsettlam. Dette går mykje ut over tilskotet. Ser at det er positivt.

Beitetilskot i oktober: folk er ikkje ferdigsanka i oktober. Kan ikkje bruke dei tala. Lammetilskotet skal vi vere forsiktige med å rote med. Vi går mot overskot og då har lammetilskotet utøvd sin misjon. Så må vere forsiktige med dette i den situasjonen vi har sett oss i. Vi skal heller ikkje berre kommentere ei sak, men kome med kva vi vil prioritere høgst av desse sakene. Beitetilskotet er det vi tener mest på og der vi har mest legitimitet. Vi tener ikkje verken på telletedato eller ulltilskot. Beitetilskotet kan vi tene på. Vi utatar oss om alt, men prioriterer beitetilskotet!

Anine Wollebæk: kva vil vere viktig på lang sikt? Lammetilskotet er eingongsbeløp vi har tapt. Ulltilskotet er viktig på lang sikt. Mistar vi dette får vi det ikkje att. Då har vi eit problem på lang sikt med kva vi skal gjer med ulla.

Øystein Knudsen: lammetilskotet er truleg køyrt. Alle som sit her har gitt vekk eit års lammetilskot for å få utbetalt det 8-10 månadar. før. Skjønar ikkje kva dei gjorde i fjar. Trur likevel ikkje vi får det att. Mykje pengar vart gitt vekk i fjar.

Ola Flaten: Lammetilskotet: Viktig. Rogaland har vore kreative og har kome med eit godt forslag for å få det att. Den utbetalinga vil ikkje stimulere meir produksjon fordi det alt kjem frå noko som er produsert. Bondelaget gjorde ein enorm fadese som dei ikkje vil innrømme. Veldig irriterande. Beitetilskot: Veldig viktig. Fryktar for ordninga. Viktig ordning å halde på. Særleg utmarksbeitetilskotet. Ulltilskotet: forslaget er at ein skal nytte like mykje tilskot som i dag, men betre betaling for kvalitet og ingen ting for det som er därleg. Ulltilskot er noko ein kan auke utan å auke produksjonen av kjøt. Telldatoen: departementet kan ikkje ha tenkte nøye gjennom det. Overföringssøyene leverast 15. februar. Nokre veker til vil ikkje få vekk desse søyene. Datoen burde i så fall vore etter min. 15 april. Poenget må jo vere å få vekk overföringssøyene.

Per-Joar Os Nesthun: ulltilskotet: tilskotet er lite så konsekvensane vil vere små. Telldatoen: verkar uklart kva som skal teljast m.h.t. dato. Kva tel med og kva teljast ikkje. For oss med mykje tap kan dette utgjere mykje. Beitetilskotet kan vi trulege forhandle om i mange år. Lammetilskotet er vel meir eit prinsipp enn noko anna. Her vart vi lurt. Sjølv om sjansen er liten er nok dette vegen å gå.

Marianne Fjeldseth Hermansen: Ulltilskotet: Norilia vil bruke meir av den norske ulla og det er kjempebra. Kva seie Norilia om at det kan bli kasta så mykje ull som det kan kome til å bli?

Ola D. Gløtvold: einig med Ola Flaten angåande telldatoen. Er noko uforklarleg med telldato om hausten. Telldatoen på våren må vere seinare. Beitetilskotet: viktig signal frå næringa at ein vil prioritere særleg utmarksbeitet. Bør nyttast for det det er verd i mange samanhengar. Må og knekke nøtta der enkelte blir tvunge til innmarksbeitet. Saka om lammetilskotet er nok tapt. Mykje bråk i fjar. Trur at denne saka kan kome til å overskygge alle andre sakar. Ull: eg er opptatt av ull og ullkvalitet. Ulltilskotet bør behaldast. Den ekstra fine ulla burde hatt ein ekstra klasse. Det meste av norsk ull blir sendt til utlandet og vaska og sendt tilbake. Før hadde ein ein klasse c ekstra. Dersom ein vil prioritere avl på ull burde det vore ein klasse for ekstra fin ull. Det kjem fram at norsk ull ikkje held mål i alle samanhengar m.h.t. tekstilproduksjon. Dette kan vi gjere noko med dersom vi vil.

Konklusjon: HSG bør gje innspel på alle dei 4 sakane. Viktig å gje signal om at alle sakane må takast med og så seinare i forhandlingane må ein inn med prioritert liste.

Det vart halden avstemming på kva årsmøtet ville ha som 1. prioritet. Avstemminga føregjekk med handsopprekking.

1) Beitetilskot – 9 stemmer

2) Lammtilskot – 7 stemmer

3) Telldato - 2 stemmer

4) Ull – 2 stemmer

Ei blank stemme.

Karstein H. Bergset var utsending frå Hedmark Bondelag og anbefalte at dersom HSG ville ha Hedmark Bondelag med på dette burde dei sende eit brev til Hedmark Bondelag innan tysdag då Bondelaget då skal ta opp jordbruksforhandlingane på møte.

Anders Storlien: HSG bør vel kunne sende ein resolusjon.

## SAK 12: ORIENTERING AV SAKER FRÅ STYRET

---

### A: INNLANDSPLATTFORMA

Martin Mostue går igjennom saka. Styret har lagt ned mykje arbeid i innlandsplattforma.

Innlandsplattforma skal offentleggjera i Stortingets kinosal 17. mars. Er og håp om at ein då skal få fram at Bernkonvensjonen ikkje er eigna til å forvalte ulven.

Per Lindholt: Bra initiativ. Eg har oversett Bernkonvensjonen til norsk så den er tilgjengeleg.

Konvensjonen seier klart at vi skal ta vare på rovdyra, men ikkje om det er til for store ulemper. Det står ikkje noko om at dei skal gjeninnførast. jmf.: § 2 i Bernkonvensjonen.

(§ 2 – oversett til norsk av Per Lindholt

avtalepartene skal treffe nødvendige tiltak for å opprettholde bestanden av vill flora og fauna på, eller tilpasse det til, et nivå som tilsvarer i særlig økologiske, vitenskapelige og kulturelle krav, samtidig som det tas hensyn til økonomiske og rekreasjons krav og behovene til underarter, varianter eller former i fare lokalt. )

Ola Flaten: arbeidet med innlandsplattforma er veldig bra.

### B: NEDLEGGING AV DEI INNGJERDA OMråDA I TRYSL OG GRUE

Martin Mostue går igjennom saka. Prøveprosjektet er over. Dette området er i praksis einaste moglegheit beitebrukarane har til å utnytte beiteretten dei i praksis er fråtken. Det har vorte belyst ein del ting rundt dette temaet og resultatet er truleg at områda består. Per Fossheim i FKT- prosjektet har vore veldig behjelpeleg i denne saka.

### C: RESOLUSJONSFORSLAG: DET GRØNNE SKIFTET BETINGER EN NY ROVDYRPOLITIKK

Ola D. Gløtvold går igjennom resolusjonsforslaget (Vedlegg 3) og korrigerer ordlyden. Ingen tilføyinger.

Karstein Hove Bergset forslår at ein endrar 300 000 tonn bygg til 600 millionar brød. Dette er noko folk kan relatere seg til og forstå. Dette forslaget vert tatt til inn i resolusjonen.

Ola Flaten lurer på om ein bør skrive ynglande ulv og ikkje kun ulv. Ola D. Gløtvold har fått reaksjonar på at dersom ein kun seier ynglande ulv tek ein ikkje omsyn til dei andre ulvane/streifulv.

Ulf Skårholen: denne saka er og oppe til diskusjon i fylkeslaga til Oppland og Akershus. Dersom dei vil vere med vil det bli ein felles uttalelse frå møtet på Gjøvik. Det må då gjerast naturlege tilpassingar til at alle 3 fylkeslaga står bak.

Einstemmig vedtatt.

## SAK 13: ARBEIDSPLAN OG BUDSJETT 2016

---

### A: ARBEIDSPLAN 2016

Arbeidsplanen ligg ved som vedlegg 4.

Anders Storlien: liknar veldig på arbeidsplanen i Ringsaker SG. Er det ikkje dumt at fylkeslaga gjer det same som lokallaga. Bør ikkje fylkeslaga heller konsentrer seg om tunge saker og så kan lokallaga heller ta fjøsbesøk ol.

Martin Mostue: det fylkeslaget har sett er at det blir mindre og mindre oppslutning om aktivitet. To av hovudtankane med arbeidsplanen er å auke inntektene og få betre kontakt med lokallaga. Derfor er det satt opp t.d. fjøsbesøk.

Per- Joar Os Nesthun: Vi har det lett i Ringsaker pga. mange medlemmer. Kanskje verre å få i gang nokon i mindre lokallag.

Martin Mostue: mange lokallag orker ikkje dra i gang ting fordi dei er små.

Marianne F. Hermansen: bra at fylket drar i gang ting som medlemmane kan vere med på.

Anders Storlien: meiner at fylkeslaget kanskje kan pålegge lokallaga å gjennomføre fjøsbesøk.

Ola Flaten: i andre fylkeslag er det inngått avtalar med apotek med rabattar på middel mot innvollsorm og koksidiemiddel. Er det noko fylkeslaget har tenkt å gjere noko med?

Det er fleire lokallag som har slike avtalar sjølv så styret har ikkje sett det nødvendig at fylkeslaget har gjort slike ting.

Per- Joar Os Nesthun: Det er nedgang i medlemstala. Bør jobbe med dette. Treng ikkje nødvendigvis vere folk som driv med sau.

Arbeidsplanen einstemmig vedtatt slik den føreligg.

### B: BUDSJETT 2016

Gjennomgang av kasserar Ulf Skårholen.

Har sett opp ein auke i medlemskontingenten. Kontingensten auka med kr. 16000 frå 2014 til 2015. Med litt aktiv verving håpar vi å ta ut litt meir på denne posten. Sekretærstøtta frå Nortura ligg fast.

Salsinntekter frå heimesida. Her er det fortsatt potensiale til å auke noko, men det krev litt innsats.

Det var tidlegare i årsmøtet bestemt at det ikkje blir noko endring i styrehonorar. Dette stemmer derfor med det som ligg inne i budsjett. Vil prøve å knipe inn litt på rekneskapshonoraret. Trur ein skal klare seg utan ekstra møter med rekneskapsføraren.

Bilgodtgjersler: håpar å redusere litt på køyringa. Vil prøve med telefonmøter el.

Denne helga er satt til kr. 30000. Reknar med dette er ganske bra treff.

Anna post: denne er satt som ein buffer. Var tenkt til rovvilportalen, men no er jo det uaktuelt så denne potten er ledig.

Per Lindholt syns det er vel optimistisk å satse på så høg kontingentutvikling. Reduser denne posten med kr. 10 000. Og redusere bilgodtgjersla med kr. 10 000 Det er ikkje vits i å kome med eit budsjett som er nesten sikkert at det ikkje går. Per Lindholt ønsker å ha budsjett og rekneskap for fjordåret saman med neste års budsjett slik at ein kan sjå kor godt ein har truffe på dei ulike postane.

Jo Agnar Hansen: erfaringsmessig fungerar telefonmøter best når ein har få saker. Er det mange saker er det like bra å ha fysiske møter.

Avstemming med handsopprekking mellom styrets forslag og Per Lindholt sitt forslag. Per Lindholts forslag får 8 stemmer. Då er det 14 stemmer til styrets forslag og dette blir vedtatt.

Til neste år skal rekneskap og budsjett for året som har gått ligge ved sidan av budsjettet for neste år.

## SAK 14: TID OG STAD FOR ÅRSMØTET 2017

---

Per- Joar Os Nesthun: håper møta kan fortsette å vere på helg. Mange har arbeid ved sidan av.

Jo Agnar Hansen: bra å samle oss og sitte i same rom. Men skal dette vere tradisjon må det eventuelt inn nokre vedtektsendringar m.h.t. dato ol.

Mona Arntzen: einig at det er fint å ha det samla.

Per Aarskog: støtter det å ha det samla, men utfordring å få med fleire sauebrukarar frå Hedmark. Viktig både fordi det er triveleg og for fagleg påfyll. Veldig positivt.

Salen ønsker fellesmøter med fagleg påfyll. Utfordringa er å få med fleire frå lokallaga.

Ordstyrar avsluttar årsmøtet. Erling Skurdal frå Nortura kjem tilbake seinare med innlegg.

Martin Mostue omtalar Ole Jakob Akre sin innsats som leiar.

Når Ole Jakob tok over som leiar var det eit fylkeslag med slagseite. Han har gjort ein god jobb i dei åra som har gått. Han er dessverre ikkje til stades, men skal få overlevert ei gåve for sin gode innsats ved seinare høve.

Ola Flaten /s/

Anine Wollebæk /s/

Kjell Horten /s/

Eva Linn Hove Bergset /s/

Vedlegg 1.

## Utsendingar:

1	Kjell	Horten	Ordstyrar	x
2	Martin	Mostue	Styret HSG	x
3	Ola Dagfinn	Gløtvold	Styret HSG	x
4	Mona Malvik	Arntzen	Styret HSG	x
5	Hans	Bondal	Styret HSG	x
6	Vegar	Nystuen	Styret HSG	x
7	Ola	Flaten	Alvdal Sau og Geit	x
8	Jo Agnar	Hansen	Alvdal Sau og Geit	x
9	Karin	Mattson	Alvdal Sau og Geit	x
10	Britt	Gran	Elverum Sau & Geit	Avbod
11	Asbjørn	Nessa	Folldal Sau og Geit	Avbod
12	Eirik	Sletten	Folldal Sau og Geit	x
13	Jon Erling	Arntzen	Kvikne Sau og Geit	x
14	Sverre	Søgaard	Løten og Vang Sau og Geit	x
15	Marianne	Fjeldseth Hermansen	Løten og Vang Sau og Geit	x
16	Per	Lindholt	Løten og Vang Sau og Geit	x
17	Magne	Horten	Os Sau og Geit	x
19	Helge Gunnar	Søberg	Rendalen Sau og Geit	x
20	Ole Henrik	Kjærnes	Ringsaker Sau og Geit	Ikkje møtt
21	Jan	Aarskog	Ringsaker Sau og Geit	x
22	Per-Joar Os	Nesthun	Ringsaker Sau og Geit	x
23	Anders	Storlien	Ringsaker Sau og Geit	x
24	Arne Kr.	Strømsrud	Romedal og Stange Sau og Geit	x
25	Anine	Wollebæk	Romedal og Stange Sau og Geit	x
26	Runar	Myrvoll	Rendalen Sau og Geit	x

Kom kl.09.55

	Eva Linn Hove	Bergset	Hedmark Sau og Geit	Sekretær
	Ulf	Skårholen	Hedmark Sau og Geit	Kasserar
	Øystein	Knudsen	Leiar i valkomiteen	Valkomit�

## Gjestar:

	Ole Jacob	Akre	Rendalen Sau og Geit	Avbod
51	Karstein Hove	Bergset	Hedmark Bondelag	x
52	Erling	Skurdal	Nortura	x

Utsending Rendalen før kl.09.55

Vedlegg 2:

Leders tale for årsmøte 2015 (Gjøvik)

At dere i dag må ta til takke med en livredd nestleder er resultatet av den rovdyrpolitikken som blir ført i deler av Hedmark. I randsonen rund ulvesona betaler fylkesmannens miljøvernnavdeling dyreeiere for å flytte sauene, ha sauene på hjemmebeite eller kort og godt slutte med sau, og kaller det en veldig god rovdyrpolitikk. Redusert utbetalinger pga. manglende dokumentasjon, pga. bla. ørn nevnes heller ikke. En effektiv tømming av beitedyr i tilstøtende kommuner rundt ulvesona sammenfaller mistenklig med miljøorganisasjonenes ønske om en betydelig utvidelse av ulvesona.

Vi skal allikevel glede oss med dem som har unngått rovdyrangrep, dette vises bla. ved at det er en svak oppgang på avlsdyr og besetninger. HSG skal være en forening for alle.

HSG har hatt to saker i 2015 som har vært viktige og som har tatt mye tid. Fylkesmannen kunngjorde høsten 2015 at de rovdrysikre gjerdene i Trysil og Grue skulle tas ned. Prøveprosjektet som de kalte det var over. Flere møter senere med politi, fylkesmannens miljø og landbruksavdeling, beitebrukere, rovviltnemnd og faglag så er det ikke lenger et prøveprosjekt, men et prosjekt som skal videreføres.

Den andre saken er Innlandsplattformen. Det er ingen tvil om at beitenæringa i Hedmark begynner å bli lita og vi mener det var påkrevd å prøve å søke bredere allianser spesielt når ulvesoneforvaltningen ble bebudet gjenopptatt.

I januar for et drøyt år siden hadde vi det første møte med Hedmark jeger og fisk. Vi dyttet da i gang en snøball som rullet avgårde. Men den begynte fort å vingle. Det viste seg at dette var en sak som NJF ikke lot gå upåaktet hen.

HSG var klar på sine krav om en opphevelse av ulvesona, ingen ynglende ulv i Norge, ha ulv i hegnet hvis vi måtte ha den, og effektiv jakt på streif-ulv. Jeger og fisk var ikke i forhandlingshumør og snøballen, kanskje også pga. varmen sprakk utover våren.

På høsten tok Hedmark Bondelag imidlertid opp igjen tråden, og dette skal de ha en stor takk for. Etter mange møter og samlinger har vi greid å snekra sammen ett dokument som vi har kalt innlandsplattformen. HSG hadde selvfølgelig ønsket at vi i flere sammenheng hadde kunnet kalt en spade for en spade, men slik er det i en forhandlingssituasjon.

HSG har også andre utfordringer å jobbe med, det er i noen lokallag lav aktivitet, og dette kan ha mange sammenhenger og noen kan vi kanskje gjøre noe med. Styret vil fortsette med det arbeidet vi har drevet mot sørfylket og vi vil også prøve å senke dørstokk-mila mellom fylkeslaget og lokallaga. Dette er et møysommelig arbeid og gir ikke umiddelbar gevinst. Men vi håper å kunne gjøre en god jobb ovenfor medlemmene, for på sikt å øke aktiviteten og medlemsandelen.

Grønt skifte; Ingen avis eller politiker med respekt for seg selv har unnlatt å komme inn på dette tema det siste året. Grønt skifte går i korthet ut på å forbruke mindre, resirkulere og produsere på fornybare ressurser. Her kommer utmarksbeite i høyeste grad til sin rett.

Snart passerer kloden 8 milliarder hoder. I 2050 er det 1 million munner mer å mette i Norge. Vi slipper lamunger til fjels eller skogs, etter noen måneder kommer de hjem med pluss minus 20 kilo menneskemat produsert på fornybare ressurser. Det er grønt skifte det!!!

Det har også vår nyklekte landbruksminister tatt innover seg, aktivt beitebruk er en forutsetning for det grønne skifte sa`n, i vitners nærvær gjengitt i siste medlemsblad. Han har dessverre glemt en minus faktor. Den får vi håpe han får gjort noe med.

Det er en positiv vinddreining i det norske samfunnet nå, og store aktører på faglagssida og grunneiersida har omsider sett hvor det bærer. Bernkonvensjonen slår sprekker og framtidas miljø og matvaresituasjon i verden gjør at mat produsert på fornybare ressurser blir framtida.

Vedlegg 3.

### **Det grønne skiftet betinger en ny rovdypolitikk**

Den politiske debatten i Norge har i den senere tid vært preget av en tverrpolitisk vilje til å skape et grønt skifte i samfunnet vårt.

Viktige faktorer for at dette er nødvendig og av gjørende for oss alle er blant annet erkjennelsen av at naturressursene er begrenset, at klimaendringene skaper stadig nye problemer og selvforsyningensgraden må bli bedre og mindre import-avhengig når det gjelder innsatsfaktorene i matproduksjonen.

Som husdyreiere og aktører i norsk matproduksjon vil vi gjerne bidra til det grønne skiftet, men da er det en forutsetning at dagens rovdypolitikk endres.

En fremtidsrettet og ressursriktig matproduksjon innen norsk landbruk må baseres på beitebruk og utnyttelse av de naturlige forutsetningene vi har i utmarka. Dagens beitebruk betyr at det tas ut en energimengde fra skog og fjell som tilsvarer nærmere 300 000 tonn bygg (600 millioner brød) og potensialet er mye større.

Mange påpeker nettopp dette, at vi har et potensiale for matproduksjon i våre utmarksområder. Blant annet har de to siste mat- og landbruksministrene i nåværende regjering gitt uttrykk for dette.

Rovdypolitikken som føres, og den praktiserende forvaltningen av denne politikken gjør at slike utsagn bare blir tomme ord.

Rovdyrbestandene bare vokser. Utallige politiske og forvaltningsmessige bortforklaringer og avledningsmanøvrer gjør at dette får utvikle seg uten at noen syns å ha vilje eller evne til reelt å gripe inn. Ikke bare husdyrhold og beitebruk ofres, men et meget viktig artsmangfold vil også være tapt når beitebruken opphører.

Hedmark Sau og Geit er glad for at flere organisasjoner innen primærnæringene og utmarksutnyttelse har gått sammen for å påvirke spesielt ulveforvaltningen som nå forhåpentligvis snart skal opp til behandling og endring.

Det betyr mye at disse organisasjonene nå samlet sier nei til ynglende ulv i Norge. Det bør også bety noe i forhold til det grønne skiftet at disse primærnæringene er nettopp det primære når det gjelder matproduksjon og beredskap.

Hedmark Sau og Geit har ved flere anledninger påpekt at dersom det er et politisk flertall for å ha ulv i Norge, må denne forvaltes i lukkede hegner. Da kan også ulveforvaltningen drive sitt arbeid uten at viktige avlsdyr blir borte, slik det blir hevdet i dag, innavl kan unngås og eventuelle viktige gener ivaretas.

Med en slik politikk kan utmarka forøvrig brukes på en god måte for matproduksjon med den skjøtsel dette også innebærer for landskapspleie og flere hundre arter av blant annet innsekter, fugler og dyr som er avhengig av et aktivt beitebruk.

Dette vil bety et virkelig grønt skifte i forhold til dagens situasjon.

Vedlegg 4

## Arbeidsplan for styret i 2016

- Fjøsbesøk mars april sau
- Fjøsbesøk mars april geit
- Markdag forsommer
- Tur på Staur okt./nov.
- Fortsette arbeidet med å øke inntekter på reklame
- Medlemsverving
- Arbeide opp mot lokallagene for å krympe «dørståkk» mila.